

Til: Forhandlingsutvala i Lindås, Meland og Radøy kommunar

Frå : Forhandlingsutvalet i Austrheim kommune.

Utgreiing av ein eventuell ny kommunestruktur.

Tilbakemeldingane frå innbyggjarane i Austrheim kommune har vore relativt tydelege. I Austrheim ønskjer ein primært å halda fram som eigen kommune, men om dette ikkje let seg gjera, vil ein primært slå seg saman med Fedje, Gulen og Masfjorden og sekundært med Radøy, Lindås og Meland.

I Austrheim ønskjer ein seg ikkje ein storkommune i Nordhordland.

Med dette som utgangspunkt gjorde Austrheim kommunestyre 28.10.2015 vedtak om at Austrheim kommune skal trekkja seg frå forhandlingane om ein storkommune i Nordhordland.

Det vart vidare bestemt at administrasjonen skal greia ut konsekvensane av at Austrheim kommune held fram som eigen kommune. Dette arbeidet skal vera slutført innan utgangen av 1. kvartal 2016.

Forhandlingsutvalet i Austrheim kommune fekk i oppdrag å kontakta forhandlingsutvala i Fedje, Gulen, Solund og Masfjorden, for å klargjera om det er interesse for å utgreia ei eventuell samanslåing av Austrheim kommune med desse kommunane samla eller med ein eller fleire av desse kommunane.

Forhandlingsutvalet fekk vidare i oppdrag å kontakta forhandlingsutvala i Lindås, Meland og Radøy for å klargjera om det er interesse for å utgreia ei eventuell samanslåing av Austrheim kommune med desse kommunane samla eller med ein eller fleire av desse kommunane.

På bakgrunn av dei signala me har fått frå innbyggjarane og vedtaket som er gjort i Austrheim kommunestyre, ber me om at forhandlingsutvala i Lindås, Meland og Radøy vurderer om det kan vera av interesse å utgreia ein eventuell ny kommunestruktur saman med Austrheim kommune.

I og med at det er kort tid att til det må gjerast endeleg vedtak om framtidas kommunestruktur, ber me om ei rask tilbakemelding.

Beste helsing



Per Lerøy

Leiar av forhandlingsutvalet i Austrheim kommune